

ÅRSMØTEPROGRAM 2026

21.-22. MARS



Distriktsårsmøte. Som distriktsleiar helsar eg dykk for første gong på denne måten. Vel møtt!

Årsmøtet er ei markeringa av at ein sett punktum for året som var, og begynne å skrive på sidene til det nye året. Ein skal vurdere det som er gjort og det som har hendt, og konkludere om det står seg. Det som er gjort får ein ikkje alltid endra på, men vi kan lære av det som er gjort før. Det som gjekk bra bør ein gjere meir av. Det som ikkje har fungert må ein finne årsaker til, og prøve å korrigere.

I ein organisasjon som Røde Kors skjer det mykje, og ofte mykje på ein gong. Mange er opptatt med sitt, bokstaveleg talt. Vi har lokalforeiningar med sine lokalråd, knytt til desse er frivillige som har stor merksemd og engasjement på sine aktivitetar og korleis desse blir opplevd av deltakarane. Det er i denne lokale aktiviteten dei magiske møta mellom menneske skjer. Der folk vert sett og får ta del i fellesskapet. Det er her vi finn magikarane i Røde Kors, dei lokale frivillige som legg til rette for desse møta.



I distriktet har vi gjennom mange år lagt vekt på å skape ein kultur og arenaer for å møtast på tvers av lokalforeiningar og lokalråd. Vi er eit Røde Kors, har i mange år vore eit uttalt mål for oss som i resten av landet. Gjennom korleis vi opptreir ovafor kvarandre viser vi om vi bidreg godt eller ikkje til ein god dialog, utveksling av erfaringar, og læring av kvarandre. Når ein som organisasjon har trygge rammer er det mykje enklare å løyse utfordringar i lag.

Eg kom inn ung i Røde Kors, men har alltid opplevd å bli sett og kjenne meg trygg frå første stund. Det er derfor eg er opptatt av at alle, både nye og røynde, skal oppleve det same. Når ein samlast så må ein ville dei som vi møte vel, både andre frivillige og dei vi er til for. Då oppstår magien i desse menneskemøta, når menneske møte menneske heilt frivillig.

Årsmøtet er òg å sjå framover. Trygge lag vil vere ekstra viktig når vi skal sette mål for framtida. Og for oss sjølve. Torer vi å sjå langt nok fram? Kor djerve er vi?

Utgangspunktet vårt er godt. Vi er få i Sogn og Fjordane, men er mange i Røde Kors i distriktet. Med lokallag i alle kommunar (inntil vidare, utanom ein) har vi god organisatorisk dekning. Summert er vi relativt mange besøksvenar, og vi er relativt mange hjelpekorpsarar. Og vi er mange andre som engasjerer oss i ulike, og fleire aktivitetar. Og i verv og funksjonar.

Vi frivillige skal sette oss mål for framtida som vi kan leve med. Både lokalt, og samla på distriktsnivå. Berekrafta i Røde Kors i distriktet ligg i det lokale frivillige engasjementet. Og så høyrer det til engasjement at det òg inneber ynskje om å utfordre oss sjølve av og til. Å strekke oss litt. Konkurrere litt med kva vi har gjort året før og åra før det.

Framtidsvurderingar vert gjort best i trygge og gode lag. Det trur eg på. Eg håpar difor at alle som deltek på distriktsårsmøtet i 2026 får ei oppleving av å vere del at eit trygt og godt lag. Ei oppleving av å bli sett og lytta til, og av å ha vore med på gode drøftingar om det som har vore, og av det som kjem. Det er opp til alle oss som er med på årsmøtet, om så skjer.

Godt årsmøte til dykk alle!

Førde, 24. februar 2026

Jon Atle Sagebø-Rise
distriktsleiar

Velkomen til distriktsårsmøtehelga 2026 - program

i Sogn og Fjordane Røde Kors, 21. – 22. mars på Skei i Jølster

Fredag 20. mars

1800 – 2030 For hjelpekorpsset: Samling leiartroika i lokale hjelpekorps

- Sjå årsmøtet sine nettsider for program for samlinga.

1930 – 2130 Uformell middag på hotellet med enkel buffet

Laurdag 21. mars

0830 – 0930 Registrering og utdeling av saksmapper
Kaffi og rundstykker til nyankomne

0930 – 1200 Valmøte for distriktsråd for hjelpekorps, og for distriktsråd for omsorg, og ungdomsverkstad, og møte for lokalforeiningane

1200 – 1315 Lunsj

1320 Møtedeltakarar og gjester er på plass i plenumsalen

1330 - 1800 **Distriktsårsmøtet 2026**

Opning. Konstituering og start av årsmøtetingane med godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2025, og med gruppearbeid om handlingsprogrammet

1930 Distriktsleiar inviterer til samling og ein aperitiff

2000 Festmiddag

2230 Dans og sosialt samkvem

Sundag 22. mars

0900 Start andre dag av årsmøte. Opprop. Røde Korssangen

Aktuelt tema.

1000 Pause

1030 Årsmøtetingane startar

1245 Avslutting av årsmøtet 2026

1300 - Lunsj og heimreise

Lokalforeiningsmøtet laurdag 21. mars kl 0930 - 1200

09.30 - 10.00 Opning og velkomst ved distriktsleiar Jon Atle Sagebø-Rise

Presidentskapet sin halvtime,

ved president Siri Hatlen og visepresident Solveig Ugland

10.00 – 11.00 *Lokallagsleiaren si rolle i organisasjonsdemokratiet – lokalt, i distriktet og nasjonalt. Kva ventar vi av kvarandre? Er roller og samspel tindrande klare? Treng vi fleire, annleise og betre møteplassar for å drøfte aktuelle saker, prosessar og problemstillingar? -Berre lokallagsleiarane, eller?*

Innleiing til gruppearbeid og drøfting rundt desse spørsmåla.

11.00 – *Totalforsvarsåret 2026*

Kva inneber det for distriktet og dei einskilte lokalforeiningane? Kva er venta av oss, og kva kan vi sjølv tenkje oss å bruke året til, for å bli meir budde på det utenkjelege?

Innleiing til drøfting rundt desse spørsmåla.

Informasjon om aktuelle tema frå Distriktskontoret

12.00 Lunsj

(Med atterhald om endringar. Det vert pausar undervegs)

Valmøte for distriktsråd hjelpekorps 2026

Stad: Grand Hotell Skei

Tid: Laurdag 21. mars kl. 09.30–12.00

Valmøte:

Sak VDRH-01/26:	Godkjenning av innkallinga
Sak VDRH-02/26:	Godkjenning av saklista
Sak VDRH-03/26:	Val av møteleiar og sekretær
Sak VDRH-04/26:	Val av 2 personar til å skrive under møteboka
Sak VDRH-05/26:	Val av 3 personar til teljekomite
Sak VDRH-06/26:	Val (det vert vist til innstilling frå valnemnda)

Informasjons- og drøftingssaker:

1. Gjennomgang av planar for året med tanke på kurs og aktivitet
2. Søknadsarbeid: Fristar, moglegheiter og kvalitet i søknadsarbeidet.

3. Andre aktuelle saker

Dersom det er tema hjelpekorpsa ynskjer informasjon om, spel dette inn til distriktsrådsleiar eller distriktskontoret.

24. februar 2026

Sonja Molvik Myrekrok
Distriktrådsleiar hjelpekorps

Valmøte for distriktsråd omsorg 2026

Stad: Grand Hotell Skei

Tid: Laurdag 21. mars kl. 09.30–12.00

Valmøte:

Sak VDRO 01/26:	Godkjenning av innkallinga
Sak VDRO 02/26:	Godkjenning av saklista
Sak VDRO 03/26:	Val av møteleiar og sekretær
Sak VDRO 04/26:	Val av 2 personar til å skrive under møteboka
Sak VDRO 05/26:	Val av 3 personar til teljekomite
Sak VDRO 06/26:	Val (det vert vist til innstilling i eige vedlegg)

Informasjons- og drøftingssaker:

1. Årsmelding og rekneskap for 2025

Det vert vist til eige vedlegg til distriktsårsmøtet.

2. Handlingsprogram og budsjett for 2024–2026

Det vert vist til eige vedlegg til distriktsårsmøtet.

3. Andre aktuelle saker

Dersom det er tema loklråda ynskjer informasjon om, spel dette inn til distriktsrådsleiar eller distriktskontoret i god tid på førehand.

24. februar 2026

Britt Optun
Distriktsrådsleiar omsorg

Ung arena – verkstad og idémyldring

Stad: Grand Hotell Skei

Tid: Laurdag 21. mars kl. 10.00–12.00

Korleis skaper vi ungdomsaktivitet som er synleg, relevant og engasjerande – lokalt og i distriktet? Vi deler erfaringar, utfordringar og idear knytt til ungdomsarbeidet. Samlinga blir gjennomført som samtale, verkstad eller idémyldring, tilpassa dei som deltek.

Moglege tema:

- **Rekruttering og trivsel** – korleis få med fleire og halde på engasjementet?
- **Synleg og relevant ungdomsarbeid** – korleis bli meir aktuell i distriktet og lokalt i lokalforeiningane?
- **Samspel distrikt og lokalforeining** – kva treng ungdomsaktivitetane frå distriktsrådet for å kjenne seg trygge og motiverte?
- **Framoverblikk** – innspel til vidare satsingar i Røde Kors
- **Andre aktuelle saker frå deltakarane**

Samlinga er open for alle interesserte, medlemmer og frivillige under 30 år.

24. februar 2026

Sunniva Fjeldstad Buset
Distriktsrådsleiar ung

Sogn og Fjordane Røde Kors

Langebruvegen 28, 6800 FØRDE
Telefon: 57 72 31 30
E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no
Organisasjonsnummer: 983 198 422
Bankkonto: 3700.20.27616



rodekors.no/sfj



youtube.com/sfrodekors



[@sfrodekors](https://facebook.com/sfrodekors)



[@sfrodekors](https://instagram.com/sfrodekors)

**RØDE KORS-PRINSIPPA: HUMANITET,
UPARTISKHEIT, NØYTRALITET, UAVHENGIGHEIT,
FRIVILLIGHEIT, EINSKAP, UNIVERSALITET**



Røde Kors Sogn og Fjordane